



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Rapport etter tilsyn

Kommunal beredskapsplikt

Sykkylven kommune

Tilsynsdato: 24.05.2017

Rapportdato: 20.06.2017

Innhold

1	BAKGRUNN OG GJENNOMFØRING	3
1.1	FØREMÅL OG HEIMELSGRUNNLAG.....	3
1.2	PÅLEGG OM GJENNOMFØRING	3
1.3	TILSYNSTEMA	3
1.4	GRUNNLAGSDOKUMENTASJON.....	4
1.5	GJENNOMFØRING	5
2	HOVUDINTRYKK	6
3	RESULTAT FRÅ TILSYNET	7
3.1	AVVIK	FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.
3.2	MERKNADER	7
4	VIDARE OPPFØLGING	8

1 Bakgrunn og gjennomføring

Tabellen nedanfor oppsummerer nøkkelopplysningar om gjennomføringa og vidare oppfølging. Dei vidare avsnitta gir utfyllande opplysningar om heimelsgrunnlag, grunnlagsdokumentasjon og deltakarar.

Tidspunkt for tilsynet:	28.02.2017 (formøte) 24.05.2017 (tilsyn)
Adressa til kommunen:	Rådhuset, Kyrkjevegen 62, 6230 Sykkylven
Kommunennummer:	1528
Kontaktperson i kommunen:	Torill Skjeret
Fylkesmannen sitt tilsynslag:	Stine Sætre (tilsynsleiar) Atle Morsund
Tilsynsrapporten er skriven av:	Atle Morsund
Tilsynsrapporten er godkjent av:	Helge Mogstad
Førebels tilsynsrapport sendt:	09.06.2017
Endeleg tilsynsrapport sendt:	20.06.2017

1.1 Føremål og heimelsgrunnlag

Føremålet med tilsynet er å sjå til om Sykkylven kommune sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap er i samsvar med aktuelle krav fastsett i sivilbeskyttelseslova og forskrift om kommunal beredskapsplikt.

Tilsynet er gjennomført med heimel i § 29 i sivilbeskyttelseslova og § 10 i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

1.2 Pålegg om gjennomføring

I Justis- og beredskapsdepartementet sitt embetsoppdrag til fylkesmennene er det fastsett at fylkesmannen skal føre tilsyn med kommunane sitt arbeid med samfunnstryggleik og beredskap. Tilsyna skal gjennomførast i samsvar med DSB sin tilsynsrettleiar, og det skal førast tilsyn med den ein-skilde kommune minimum kvart fjerde år.

1.3 Tilsynsystema

I møte mellom DSB og fylkesmennene i mars 2015 presiserte DSB at alle krav i forskrift om kommunal beredskapsplikt skal vurderast under tilsyna i 2017.

1.4 Grunnlagsdokumentasjon

Desse dokumenta vart sende frå kommunen til fylkesmannen før tilsynet:

Nr.	Dokument	Datering
1.	Beredskapsoversyn/styringsdokument	00.03.2017
2.	Heilskapleg ROS-analyse. Grovanalyse for Sykkylven 2017	00.02.2017
3.	Utdrag frå kvalitetssystemet Risk Manager – skjermdump	Ikkje datert
4.	Plan for kriseleiinga	00.03.2017
5.	Plan for Varsling	00.03.2017
6.	Plan for evakuerte- og pårørandesenter	00.03.2017
7.	Plan for informasjonsberedskap og beredskapssekretariatet	Ikkje datert
8.	Plan for omsorgsberedskap i Sykkylven kommune	00.05.2017
9.	Varslingsliste – Beredskap. Kontaktinformasjon	00.03.2017
10.	Saksframlegg: Kommunal beredskapsplikt – planverk m.m.	08.05.2017
11.	Referat frå møte i kriseleiinga 02.05.2017 – med Sykkylven Energi	02.05.2017
12.	Planstrategi for Sykkylven kommune 2017 - 2020	20.03.2017
13.	Samfunnsplan for Sykkylven kommune 2011 – 2025	27.06.2011
14.	Kommuneplanen 2013 – 2025, Arealdelen	27.05.2013
15.	Smittvernplan for Sykkylven kommune	15.02.2017
16.	Oversyn over beredskapsplanverk i einingane	Ikkje datert
17.	Samarbeidsavtale - Sykkylven kommune og Sykkylven Røde Kors	22.03.2017
18.	Notat frå møtet i beredskapsrådet 08.06.2016	10.06.2016
19.	E-post – Om beredskap i leiaravtalane	21.04.2017
20.	Rapport etter brann i avfallsbehandlingsanlegg	25.02.2015
21.	Rapport etter brann i avfallsbehandlingsanlegg 17.02.2015	27.02.2015
22.	Notat etter møte i beredskapsomsorgsgruppa onsdag 15.10.2014	17.10.2014
23.	Referat etter møte i beredskapsomsorgsgruppa onsdag 17.06.2015	17.06.2015
24.	Møte torsdag 30.01.2014	30.01.2014
25.	Møte i kriseleiinga – måndag 20.01.2014	20.01.2014
26.	Møte i kriseleiinga – onsdag 10.02.2016	10.02.2016
27.	Møte i kriseleiinga – måndag 14.11.2016	14.01.2016
28.	Opplæringsplan for BUAS – brannberedskap	00.00.2017
29.	Utdrag frå kvalitetssystemet Risk Manager – Planverk for fjellskred Åkneset	Ikkje datert
30.	Årshjul – kommunal beredskap	Ikkje datert
31.	Heilskapleg ROS-analyse. Grovanalyse for Sykkylven 2017 (mottatt etter tilsynet)	30.05.2017

1.5 Gjennomføring

Formøte med Sykkylven kommune vart gjennomført 28.02.2017. Tilsynsbesøk med opningsmøte, intervju og sluttmøte vart gjennomført 24.05.2017. Kven som deltok går fram av tabellen under.

Deltakarar	Stilling	Formøte	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Odd Jostein Drotninghaug	Ordførar	X	X	X	X
May-Helen M. Grimstad	Rådmann	X	X	X	X
Torill Skjeret	Beredskapskontakt	X	X	X	X
Njell Hoftun	Planleggar		X		X
Stine Sætre	Fylkesberedskapssjef		X	X	X
Atle Morsund	Rådgjevar	X	X	X	X

2 Hovudintrykk

Alle elementa i den kommunale beredskapsplikta er på plass, og arbeidet framstår som gjennomtenkt og godt tilpassa lokale behov. Kommunen har ein levande beredskapsorganisasjon som evaluerar hendingar og øvingar. Kommunen har rutinar for møter i kriseleiinga og beredskapsrådet.

Heilskapleg ROS-analyse revidert i 2017 og er forankra i kommunestyret, og oppfyller alle minimumskrava i forskrifta.

Beredskapsplan er sist revidert i februar 2017, og oppfyller alle minimumskrava i forskrifta. For å stette alle forskriftskrava litt betre bør det gå fram i planverket at beredskapsplanen skal reviderast kvart år. Plan for info til tilsette, og system for opplæring, er minimumsløysingar.

Potensialet for forbetring:

Kommunen bør utarbeide ein handlingsplan med prioriteringar for oppfølging av funna i ROS-analysen og innrette beredskapsplanen betre mot desse funna i trå med forskriftskrava.

Varslingslister og ressursoversiktar kan med fordel flyttast til CIM.

3 Resultat frå tilsynet

Tilsynet avdekte ingen avvik. Avvik er definert som manglande oppfølging av krav fastsett i sivilbeskyttelseslova §§ 14 og 15 og/eller i forskrift om kommunal beredskapsplikt.

To forhold er kommentert som merknader.

3.1 Merknader

Merknader er definerte som forhold som ikkje oppfyller definisjonen av avvik, men som fylkesmannen meiner det er grunn til å påpeike for å sikre god oppfølging av beredskapsplikta.

Merknad nr. 1

Kommunen bør:

- Lage ein prioritert handlingsplan basert på funna i ROS-analysen.

Merknad nr. 2

Kommunen bør:

- Revidere beredskapsplanen med utgangspunkt i ny handlingsplan i ROS-analysen, for betre å imøtekomme forskriftskrava.
- Sjå til at planverket beskriv ajourhald og revisjon i trå med forskriftskrava.
- Varslingslister og ressursoversiktar kan med fordel flyttast til CIM.

4 Vidare oppfølging

Fylkesmannen avsluttar tilsynssaka med denne rapporten, men ber Sykkylven kommune om å vurdere forholda som er påpeika som merknad etter tilsynet.

Dersom kommunen har spørsmål om tilsynsrapporten, kan det formidlast direkte til Stine Sætre, stine.saetre@fylkesmannen.no, 71258485 / 95224419.